


Tid for ti

KATTESKRIKE

Ein roman av Guro S. Auganes



Før
lesing



Utdraget vi skal lese,
er frå ei bok som
heiter *Katteskriket*,
og er skrive av
forfattaren
Guro S. Auganes.

Foto: Julia M. Naglestad

Samtale

Katteskrivet er ei spøkelseshistorie som er spennande og får oss til å kjenne grøss, samstundes som ho er realistisk (nær det verkelege livet).

Kva tenkjer dokker på når dokker høyrer orda

- grøss?
- realisme?

Dette er den første
boka som forfattar
Guro Auganes har skrive.

Ho er inspirert av ein annan kjend
barne- og ungdomsforfattar,
svenske Maria Gripe (1923–2007).

I skrivinga si var Gripe oppteken av
moglegheitene til det enkelte mennesket.



Foto: Rolf Bergström, Eskilstuna stadsmuseum

Er det nokon i klassen som har ein forfattar og sjanger/tittel som dei liker særleg godt, og som dei blir inspirerte av?

Døme kan vere:


- Antoine de Saint-Exupéry og [Den vesle prinsen](#) (Frankrike)
- Carlo Collodi, På eventyr med Pinocchio (Italia)
- Lewis Carroll, Alice i Eventyrland (Storbritannia)
- H. C. Andersen, Eventyr (Danmark)
- Astrid Lindgren, Pippi Langstrømpe (Sverige)
- Maria Parr, [Vaffelhjarte](#) (Noreg)





To og to saman


- a) Studer bokframsida og prøv å beskrive henne. Kva slags fargar er brukte? Kva skikkelsar er med?
- b) Kva slags situasjon blir skildra på bokframsida?
- c) Kva har situasjonen med tittelen å gjere, trur dokker?



Høgtlesing av grøssutdraget

Læraren din skal no lese starten av grøssarboka *Katteskriket* høgt i klassen.
Medan læraren din les, skal du følgje med i teksten.





Medan vi les

- a) Prøv å leggje ekstra godt merke til alt som du opplever grøssande i utdraget.
- b) Kva slags inntrykk får du av Julie? Korleis blir ho skildra i grøssarutdraget?
- c) Kven andre møter vi i utdraget? Korleis vil dokker beskrive desse relasjonane?

Etter vi har
lese

Jobb saman to og to med dei følgjande samtale spørsmåla.

Til slutt har dokker ein felles samtale i klasserommet.

a) Kva handlar dette grøssarutdraget om?

b) Kven møter vi i grøssarutdraget?

c) Nemn 2–3 samtalar eller hendingar som du meiner er sentrale i utdraget, og forklar kvifor.

d) Korleis vil du beskrive Julie ut frå det du har fått vite om henne?

e) Korleis vil du beskrive familien til Julie?

f) Kva tid kjenner du ro og tryggleik når du les?

g) Kva tid kjenner du grøss når du les?

h) Kva tid trur du Julie kjenner tilhøyrsløse og meistring i utdraget?

i) Kva likte du godt ved historia? Kva likte du mindre godt?

j) Fekk tekstutdraget deg til å vilje lese vidare i boka?

Kvifor / kvifor ikkje?

Grø̃s

Skriv ein kort grø̃ssar

s!

Før vi skriv

- overnaturlig
- død
- forfall
- det mystiske

Samtale:

Kva veit dokker om grøss som sjanger?



Samskrivingsoppgåve

To og to, gruppe eller felles:

Skriv i den same språklege stilen som forfattaren av *Katteskriket*, Guro Auganes, og den svenske forfattaren Maria Gripe gjer (grøssande, realistisk).

Prøv å veksle mellom skildringar, tankereferat og replikkar.

Tips til setningsstartarar:

Lag ein ordbank av ord som kan gjere ei historie grøssande.
Bruk så mange av desse orda dokker vil, når dokker skal skrive.

Her kjem nokre døme henta frå utdraget:

*Freser, svart, natt, rommet, skummelt,
åleine, neve,
katt, lengte, nøle, redd, kald, mørk,
luft, fomle, iskaldt, våt, lukte, stryk, stivna,
stemme, bein, frysningar, kjellar, svær,
raud, hand, golv, kvepp, skarp, verkstad, reiskap,
låse, streng, gjesterom, lampe, hol, jordhol, grav, sug i magen,
falle, nøkkelknippe,
knirke, øks, sag, hol, piplar, tung, gyngje,
spinne, kvalm, skjelve,
langt borte, beveger, sløkkjer, skrik,
hengslene, blafre, omriss, kvinne,
løyser seg opp, smell, pust, gråt, hikst, klamre,
regndropar.*


Grøssar-utdraget har illustrasjonar.

Teikn gjerne til den korte grøssaren dokker har skrive.

Gjer dokker flid med alt av arbeidet.

Les tekstane opp for kvarandre når dokker er ferdige.

Vis teikningane. Kva med å lage ei klasseromsutstilling av arbeidet?



Så tryggleik

Lag ein voggesong

og ro



I boka opplever Julie ein song som syng i draumar og gir ho tryggleik og
ro:

*Sov, sov, vesle venn,
kvelden er komen igjen,
du kan kvile no, slapp av, ligg i ro.*

*Sov, sov, vesle venn,
la røynda di flyte forbi.
Då tek draumen deg
inn i ei anna tid. ...*

Vi lyttar til *Sulla Meg Litt* av Marianne Juvik Sæbø der du strøymer
musikk.



Samtale:

Kva veit dokker om voggesong?

Har du ein voggesong som betyr mykje for deg?

Dette kan vere ein familiær eller kulturell skatt!



Læraren fortel:

Voggesong er ein nyttig og viktig reiskap i kvardagen med barn – verda over.

Gjennom voggesong kan borna og dei vaksne falle til ro, uttrykke omsorg og kjærleik, bygge tilhøyrse og identitet, og skape ein god og varm atmosfære. Ein kan kjenne at ein blir samstemt og til stades.

Voggesongar vert gjerne framførte utan akkompagnement av instrument.



Oppgave

Songen Julie drøymmer, er i voggesongsjangeren.

Lag ein kort voggesong (to og to saman, i gruppe eller felles).



Tips til framgangsmåte

- Temaet er voggesong.
- Voggesongen skal gjere ein trygg og roleg.
- Teksten skal vere skriven på nynorsk.
- Du kan velje å skrive A) tekst til musikk, B) tekst først, eller C) tekst og musikk samstundes.
- Ha ein idédugnad.
- Samle idéane og samle dei i eitt vers. Kva er det viktigaste du vil seie?

- Kva vil du starte med? Skal voggesongen vere på rim eller ikkje? Skal det vere element av nynning eller sulling i voggesongen?
 - Nynn gjerne medan dokker held på, for å få ei kjensle av korleis melodien kan bli.
 - Er det nokon ord eller setningar som skal verte gjentekne?
 - Lag ei avslutning.
-
- Får du ei god kjensle av teksten og melodien? Dersom ja, er voggesongen ferdig!
 - Øv og framfør.

Framfør gjerne voggesongane i klasserommet for kvarandre.

